



Arkivnr: 2015/687-22
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		17.01.2018

Plan 276 - Slettebrekka - Hetlevik. Søknad om fråvik på fylkesveganlegg.

Samandrag

Statens vegvesen sin avviksgruppe har vurdert søknad om fråvik på stigning i tunnel på Fv. 212 og anbefaler i brev datert 20.11.2017 fylkeskommunen om godkjenne søknaden. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane i handbok N100 når det gjeld «skal – krav». I handboka er kravet om maks stigning i tunnel 5 %, mens det i planen er lagt opp til ein stigning på 7 %. Dette er gjort av omsyn til terreng og landskap, og for å unngå riving av fleire hus. Avviksgruppa har fleire forslag til avbøtande tiltak for å redusere risikoen i tunnelen.

Økonomi: Tunnelen det vert søkt om fråvik på vil vere kortare enn ein tunnel som tilfredstillar krava i vegnormalen. Ein lengre tunnel vil gje kostnadsauke.

Klima: Generelt påverkar stigningsforholda på veg utslepp frå særleg tyngre køyretøy, men her er avstanden kort og stigninga vil gi beskjeden auke.

Folkehelse: Ikkje relevant for fråvikssøknaden

Regional planstrategi: Ikkje relevant for fråvikssøknaden

Forslag til vedtak

Miljø- og samferdselsutvalet viser til brev datert 20.11. 2017 frå fråviksgruppa i Statens vegvesen om fråvik frå vegnormalane i handbok N100. Utvalet godkjenner fråvik knytt til tunnelstigning på 7 % på Fv 212 Slettebrekka – Hetlevik for å tilpasse veg til terrenget og unngå riving av fleire hus slik tilfellet ville vore dersom maks stigningskrav på 5 % vert lagt til grunn. Avbøtande tiltak i tråd med avviksgruppa sine anbefalingar må følgjast opp.

Miljø- og samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen om å vurdere fullmaktsreglementet knytt til fråvik frå vegnormalane på fylkesveg i eget saksframlegg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.12.2017

Bakgrunn for saka

For fylkesvegar er fylkeskommunen vegstyresmakt § 9 i Vegloven – forskrift om anlegg av offentleg veg av 29.03. 2007. Fråvik frå vegnormalane består av kan-, bør- og skal- krav. Ved fråvikshandsaming vert det nytta standardiserte skjema der det skal dokumenterast kva handbok det vert søkt om fråvik frå, med grunngjeving, konsekvensar av fråvik og forslag til avbøtande tiltak. Statens vegvesen har i kvar region etablert ein fråviksgruppe som handsamer fråvikssøknadane og kjem med tilråding til rett vegstyresmakt.

Alle søknader om fråvik for fylkesveg skal gå via Statens vegvesen og handsaming i fråviksgruppa. Fråvik frå skal- krava vert sendt vidare til Hordaland fylkeskommune for politisk handsaming, etter at fråviksgruppa har gitt si tilråding. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane når det gjeld «skal – krav».


Statens vegvesen har fått fullmakt til å fatte avgjerd i bør- krav.

Fråvikssøknaden – tunnelstigning på 7 %

Vegprosjektet inngår i Askøypakken og omhandlar ny fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik. Strekninga er på 2450 m, derav 580 m i tunnel.

Vegnormaler er ein samlebetegnelse for normalane i Statens vegvesen sin handbokserie som er delt inn i 10 hovudtema og inneheld krav til mellom anna *N100 Veg- og gateutforming*. For vegprosjektet på Fv 212 er det lagt opp til ein Sa2 vegstandard.

Kart over planområdet:



Tunellen startar ved Nibbene og munnar ut i Hetlevik. Krevjande terreng og påkopling til eksisterande vegnett i Hetlevik er faktorar som har påverka valet om å etablere ein tunell med 7 % stigning. Ein tunellstigning på meir enn 5% vil fråvike frå den standarden det er lagt opp til i dimensjoneringsklasse Sa2, og dette krev dispensasjon frå vegeigar. Løysinga det er lagt opp til vil vere eit mindre inngrep i landskapet utanfor tunnelinnslaget ved Nibbene og vidare mot Slettebrekka grunna høgdeforskjellar i terrenget. Vidare vil fleire bygg i Hetlevik unngå riving ved å velje denne løysinga.

Fråviksgruppa i Statens vegvesen har skissert opp fleire avbøtande tiltak:

- Forbetra belysning i tunellen
- Nedsett fart inn mot rundkøyringa ved Hetlevik og skilt om rundkøyring.
- Forbod mot forbikøyring og sinusfresing av midtstripa.
- Vurdere etablering av LED-lys og eit samanhengande lysband

Fylkesrådmannen sin tilråding

Fylkesrådmannen føreset at fråviksgruppa i Statens vegvesen har gjort dei naudsynte faglege vurderingane, og rår til at det vert gjort vedtak om fråvik og avbøtande tiltak i samsvar med deira innstillinga.

Fylkesrådmannen vil vurdere å forenkle delegasjonsreglementet når det gjeld fullmakt til å fråvik frå vegnormalane på fylkesvegar. I saker det er einigheit mellom fråviksgruppa og samferdselsavdelinga kan det være formålstenleg å godkjenne fråvika administrativt. I dei sakane partane ikkje er einig om utfallet bør utval for Miljø og samferdsel framleis gjere vedtak i saka. Fylkesrådmannen vil kome attende med eige saksframlegg om fullmakt til å fatte vedtak om fråvik på fylkesveg.